

Detaljregulering for E134 Høydalsmo kyrkje- Høydalsmo, Tokke kommune

Reguleringsføresegner

PLAN ID 20190001

Sist revidert: 20.04.2019

Det regulerte området er vist med reguleringsplangrense på plankart datert 09.05.2019.

1 Generelt

Hovudføremålet med reguleringsplanen er at denne strekninga på 1, 6 km skal ha same standard som utbetningsprosjektet mellom Morgedal og Høydalsmo.

2 Fellesføresegner

2.1 Frisikt (§12-7 nr. 2)

Mellom siktliner og veg skal eventuelle sikthindringar ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

2.2 Avkøyrslar (§12-7 nr. 2)

Avkøyrslar markert med pil på plankartet gjeld avkøyring frå E134 i samsvar med dagens bruk. Frisikt i avkøyrslar frå E134 markert med pil på plankartet skal vere 4 x 110 meter.

2.3 Støy (§12-7 nr. 3)

Støygrensa er Lden 55 dBa for bustader og fritidsbustad, samt utanfor rom med støyfølsam bruk til bustad. For dei eigedomane som likevel får eit støynivå som overskrider støygrensene i T-1442, tabell 3, skal det gis tilbod om lokal skjerming og/eller fasadetiltak viss det er naudsynt for å oppfylle krav til støynivå på uteplass eller krav til innandørs støynivå. Oversikt over eigedomane det gjeld går fram av planbeskriving.

3 Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg

Bustad (§12-7 nr. 2)

Område B er eksisterande bustadeigedomer. Det kan ikkje byggjast på området.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Køyreveg (PBL. § 12-5, nr. 14)

Område o_SKV1 er offentlig veg, dagens E134.

Område o_SKV2 er ny kommunal veg.

Annan veggrunn - grøntareal (PBL. § 12-5, nr. 1)

I areala inngår grøft, fylling og skjering. Kummar, stikkrenner, skilt og eventuelle støttemurar i samband med vegen skal liggje innanfor dette føremålet. Anna veggrunn skal revegeterast slik at det ikkje kjem i konflikt med naudsynt friskt i avkøyrslar eller gjer naudsynt vedlikehald vanskeleg.

4 Særleg om føresegningsområde for mellombels anlegg- og byggingsområde

4.1 Anlegg- og riggingsområde (PBL. § 12-7, nr. 1)

I vegbyggingsperioden kan områda mellombels nyttast som anlegg- og riggingsområde. Kommunen gjer vedtak når anlegg- og rigging område opphøyrar. Når vegbyggingsperioden er ferdig skal områda ryddast, settast i stand og føra attende til tidlegare føremål.

4.2 Kulturminner (PBL §12-5, nr. 5)

Innanfor planområde er det påvist 3 automatisk freda kulturminne:

- Id 137642
- Id 137643
- Id 137647

For 2 av dei er det gjeve dispensasjon frå Riksantikvaren medan for Id 137642 må det søkjast dispensasjon.